



› 2 Kommuneleiing - Stab

Kommuneleiing og stab omhandlar tenestemråda 1200 – 1260 som er rådmann, kommunalsjefar og stabfunksjonar. Stab- og støttefunksjonane er knytt til planlegging, støtte, oppfølging og styring. Dette omfattar blant anna oppgåver knytt til økonomiforvaltning, personalforvaltning, informasjonsarbeid og fellesfunksjoner som post- og arkiv. I tillegg er overordna utgifter knytt til oppvekst, helse-, omsorgs- og sosialtenesta plassert her. Dette gjeld m.a løn, sjukefråversregistrering- og rapportering, refusjonsarbeid og tilsetjingssaker.

Tenestemrådet har også ansvar for å tilrettelegge for politiske og administrative avgjerdsprosessar, verksemdsstyring, analyse og utgreiingsarbeid. I tillegg til driftsstøtte til verksemdene og kommunikasjonstenester.

Staben skal levere tidsrette støttefunksjonar i samsvar med krav og forventningar som er stilt til kommunen si kjerneverksemd og strategiske satsingar.

2. Kjerneverksemd

Ansvar	Årsverk 2019	Årsverk 2020	Årsverk til bruk i 2020 (etter tiltak)
1200 KOMMUNELEIING - STAB	7,96	8,06	7,06
1220 ØKONOMI	3,7	3,7	3,7
1230 SERVICEKONTOR	6,5	6,5	6,5
1240 PERSONAL OG LØN	3,9	3,9	3,9

Ansvar 1200 inkluderer innleige med 20% stilling til prosjekt Skulestruktur, Årsverk er redusert som følge av tiltak 80 - Vakant rådgjevarstilling.

3. Driftsbudsjett

Teneste	2 KOMMUNE LEIING - STAB	Regnskap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
	Alle tal i heile 1000						
1200	RÅDMANN - KOMMUNALSJEFAR	4 066	3 980	4 019	4 019	4 019	4 019
1210	PERSONAL OG LØN	2 293	2 307	2 368	2 368	2 368	2 368
1220	ØKONOMI	3 834	4 219	3 378	2 878	2 878	2 878
1230	SERVICEKONTORET	2 487	2 547	2 602	2 602	2 602	2 602
1250	IKT	230	782	791	791	791	791
1260	SAKSBEHANDLING - FELLES	2 028	1 831	720	720	720	720
2110	FØRSKULE OG PRIVATE BARNEHAGAR	419	421	1 588	1 588	1 588	1 588
2120	GRUNNSKOLE	397	550	336	1 065	1 065	1 065
2130	VAKSENOPPLÆRING	0	0	2	83	83	83
2412	PSYKISK HELSEVERN	99	99	103	103	103	103
2440	BARNEVERNTENESTE	355	231	240	240	240	240
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	640	486	1 108	1 108	1 108	1 108
	Sum ramme 2 KOMMUNE LEIING - STAB	16 847	17 454	17 254	17 565	17 565	17 565

Budsjettet til kommuneleiing - Stab vert ikkje kompensert for demografiutvikling og vekst i øvrige tenesteområde. Tenesteområdet må derfor jobbe aktivt med nødvendig omstilling og effektivisering.

4. Utfordringar og mål

4.1 Spesielle utfordringar

- Omstilling og tilpassing til endra rammevilkår, både økonomisk og teknologisk.
- Oppnå maksimal gevinstrealisering av innføring av nye digitale løysingar.
- Digitalisering og automatisering av administrative oppgåver og forenkling av prosedyrer og prosessar.
- Ressursknappheit - vakante stillingar.
- Høgt arbeidspress - Leveranse til einingane tek ofte for lang tid.
- Uklare rolle- og arbeidsfordeling mellom stab og linjeorganisasjon.
- Metodisk og systematisk informasjonsarbeid, utvikle heimesida og bruk av sosiale medier Etablere eit nytt og brukarvenleg intranett.
- Tilrettelegge for døgnåpen forvaltning ved å betre innbyggardialogen slik innbyggjarane i større grad kan vere sjølvhjelpete når det passar for dei uavhengig av åpningstid.

4.2 Satsingsområder

- Prosjekt "Omstilling av fellesfunksjonar i Giske kommune".
- Gjennomgang og fornying av stillingsskildingar og kompetanseplanar
- Forenkling og effektivisering av arbeidsprosessar gjennom digitalisering.
- Vidareutvikling av informasjons- og kommunikasjonskanaler.
- Internkontroll og kvalitetsarbeid.
- Arbeidsgivarpolitisk dokument
- Gjennomgang og fornying av leiarplakat og leiaravtalar.

4.3 Tabell styringskort og styringsindikator

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultat 2018	Resultatmål 2019	Resultatmål 2020
Brukarar	God kvalitet	Plassering i forbrukerrådet sine testar av kommunal service	Ingen test i 2018	100 eller betre av kommunane i landet. 10 eller bedre av fylkets kommuner	100 eller betre av kommunane i landet. 10 eller bedre av fylkets kommuner
	Forenkling og effektivisering gjennom digitalisering				Digitale skjema for permisjon, ferie og introduksjon er innført. Mobilbaserte programvare på prioriterte felt er innført.
	Fellesfunksjonar fungerer godt og bidreg til effektiv og berekraftig drift.	Ny organisering og arbeidsfordeling mellom stab og linje er vedtatt, og sett ut i livet. Stillingsomtalar er ferdigstilt og rollene avklart. Opplæring er gitt.		Oppstart prosjekt "Omstilling fellesfunksjonar"	Ny organisering mellom stab og linje er vedtatt. Iverksetjing; rolleavklaring og opplæring har starta hausten 2020
	Velfungerande informasjons- og kommunikasjonskanal	Relevant informasjon er lett tilgjengeleg for innbyggjarar og tilsette døgnet rundt. Systemet med digitale søknader mm fungerer godt.		Ny layout på heimeside. Intranett etablert	
	Velfungerande kvalitets- og internkontrollsystem	Gode tilbakemeldingar frå tilsette og innbyggjarar. Regelmessig rullering, og få avvik på tenesten som blir gitt.		Oppstart planlegging av ny bruk av eksisterande ressursar	Stilling som rådgivar innan kvalitet og innovasjon er på plass.
Medarbeidarar	Godt arbeidsmiljø og tilfredse medarbeidarar	Nærvær		98 %	98 %
	Enkel og effektiv support og drift ved hjelp av digitale verkty	Gjennomført opplæring på nye digitale verkty			Opplæring er gitt og gevinsten er realisert
	Fellesfunksjonar har rett kompetanse og eit godt fag- og arbeidsmiljø	God trivsel og gode tilbakemeldingar frå adm. leiing og einingane.			Rolleavklaring og plan for kompetanseheving er ferdig.
Økonomi	Lav andel av administrative resursser. God økonomistyring	Kostra Netto driftsutgifter på funksjon 120 administrasjon per innbygger	3 459 kr per innbygger	>= 3 500 kr per innbygger	>= 3 500 per innbygger
		Kostra Netto driftsutgifter på funksjon 120 som andel av totale utgifter	6,2 %	6 %	6 %
		Avvik i % av netto driftsramme	-1,32	≤ 0	≤ 0